



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Dalsfjorden, Volda rådhus
Dato: 20.11.2018
Tid: 13:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 79/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 80/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 81/18	Handsaming av klage - Gbr 45/1 - oppføring av hytte på garden i Austefjorden
PS 82/18	1519 gbr 7/4 - Jordlovshandsaming av søknad om deling av areal frå landbrukseigedom, Trond Eikrem
PS 83/18	Søknad om dispensasjon frå kommunedelplan, gbr. 19/35. Handsaming etter høyring
PS 84/18	Årsbudsjett 2019 - Økonomiplan 2019-2022
PS 85/18	Møteplan for politiske møte 2019
PS 86/18	Orienteringssaker
OS 17/18	Melding om politisk handsaming i formannskapet OS 147/18 - Skiltplan Volda sentrum
OS 18/18	Melding om politisk vedtak formannskapet PS 165/18 Skiltplan Volda sentrum
OS 19/18	Brev frå Jordvern Møre og Romsdal - Tiltak for betre jordvern i kommunane
OS 20/18	Bygging av mellombels skogsveg Heltne

PS 79/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 80/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Heidi Istad

Arkivsak nr.: 2017/221

Arkivkode: 45/1

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
81/18	Forvaltningsutvalet	20.11.2018

HANDSAMING AV KLAGE - GBR 45/1 - OPPFØRING AV HYTTE PÅ GARDEN I AUSTEFJORDEN

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet finn ikkje at det er kome fram nye moment i klagen frå Fylkesmannen som gir grunn til å ta klagen til følgje. Forvaltningsutvalet held derfor fast på sitt vedtaket i sak 63/18 den 11.09.2018 og saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vidare handsaming hos settefylkesmann.

Vedleggsliste:

1. Klage frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal
2. Brev frå Egil Åmbakk, datert 01.11.2018
3. Endra situasjonsplan frå Ørsta Byggservice AS

Uprenta saksvedlegg:

Sak 63/18 i Forvaltningsutvalet den 11.09.2018

Samandrag av saka:

Saka gjeld handsaming av Fylkesmannen si klage på Forvaltningsutvalet sitt vedtak i sak 63/18 den 11.09.2018. Utviklingssjefen kan ikkje sjå at Fylkesmannen kjem med nye moment som gir grunnlag til å ta klagen til følgje og rår derfor Forvaltningsutvalet til å halde fast på vedtaket i sak 63/18.

Saksopplysningar/fakta:

Ørsta Byggservice AS har på vegne av tiltakshavar Egil Åmbakk søkt om dispensasjon frå kystzoneplan og pbl. §1-8 for oppføring av aneks til fritidsbustad. Forvaltningsutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 63/18 den 11.09.2018:

Med heimel i plan- og bygningslova kap. 19-2 gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå kommunedelplan for kystsonen og plan- og bygningslova § 1-8. Dispensasjonen gjeld oppføring av aneks til fritidsbustad på gbr.: 45/1.

Anekset skal ikkje plasserast lågare enn 3 meter over normalnull 2000(NN2000). Anekset skal tilsvarende trekkast vekk frå kaikanten for å sikre god terrengtilpassing, og det skal ikkje etablerast uteplass i sona mellom hytta og sjøkanten til hinder for allmenn ferdsel.

Kommunen mottok klage på dispensasjonsvedtaket frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 04.10.2018. Klagen er motteke innanfor klagefristen.

Fylkesmannen viser til plan- og bygningslova § 1-8, og kan ikkje sjå at å gi løyve til oppføring av hytte i strandsona på denne staden er i tråd med omsynet til friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Fylkesmannen legg vekt på at tomte hytta er tenkt oppført på, ligg svært nær sjøen, berre med 4 meters avstand. Han meiner hytta dermed vil privatisere området fullstendig mellom sjøen og hytta og verke som eit hinder for fri ferdsel. Tiltaket er såleis ikkje i tråd med dei omsyna som pbl. § 1-8 skal ivareta. Verken lite press på strandsona eller ei strandsone prega av tidlegare vedtak kan forsvare hyttebygging nærast heilt i sjøkanten. Fylkesmannen finn heller ikkje å kunne akseptere støy og trafikkfare som moment som talar for plasseringa og det vert vist til at dette kan gi særst uheldig presedensverknad. Heller ikkje topografi eller terreng er etter Fylkesmannen sitt syn, grunnlag for å sjå bort frå ålmenta sine interesser i strandsona.

Frå tiltakshavar si side er det lagt fram nytt situasjonskart som følgje av forvaltningsutvalet sitt vedtak. I vedtaket vart det sett krav om plassering av hytta minimum 3 meter over normal null. Situasjonskartet viser at hytta som følgje av vedtaket er flytta i horisontalplan til kote 3m og trekt vekk frå sjøkanten i vertikalplan slik at det no er 8,6 m til teiggrenselinje. Mellom teiggrensa og kystkontur er det ein avstand på om lag 4 m. Det vil seie at hytta som følgje av Forvaltningsutvalet sitt vedtak vert liggande meir enn 12 m frå kystkonturen. Kystkontur er den linja i kartet som er grensa mellom sjø og vatn(kaikanten) og viser middels høgvasstand.

Vurdering og konklusjon:

Oppføring av hytte i strandsona i eit LNF-område krev dispensasjon frå planen og pbl § 1-8. Ein plan er blitt til etter ein omfattande prosess, og det skal ikkje være en kurant sak å dispensere frå gjeldande planer. Formålet med å vise eit område som LNF-område er å hindre ei utbygging av området som vil være i strid med landbruks-, natur- og friluftinteressene. Etter pbl. § 1-8 skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Kommunen har i handsaming vurdert strandsona i området til å ikkje ha spesielle verdiar når det gjeld natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Strandsona er lite brukt og er prega av tidlegare tiltak. Kommunen har sett krav om endra plassering av hytta slik at det vert større avstand mellom hytta og strandlinja. Det er og sett krav om at det ikkje skal opparbeidast uteplass i sona mellom hytta og sjøkanten. Ut frå vurdering av verdiane i området og tiltaket sin konsekvens for desse verdiane har kommunen kome fram til at omsynet til planen og pbl. § 1-8 ikkje vert sett vesentleg til side.

Fylkesmannen er ikkje samd i kommunen si vurdering av dette. Dei er likevel samd i kommunen si vurdering av at Geitvika ikkje er eit område med mykje folk eller press på strandsona, og at den er prega av tidlegare tiltak. Dei hevdar derimot at hytta si plassering med berre 4 meters avstand til strandlinja gjer at den vil fullstendig privatisere området mellom sjøen og hytta og verke som eit hinder for fri ferdsel. Fylkesmannen har i sin klage ikkje kome med nye opplysningar om verdiane og kvalitetane i strandsona, som gjer at det er

grunn for kommunen å endre si vurdering om tiltaket vil sette omsynet til planen og pbl. § 1-8 vesentleg til side. Det kjem derimot fram at Fylkesmannen ikkje har tatt utgangspunkt i tiltaket sine konsekvensar for strandsona, basert på vedtaket som har krav om endra plassering av hytta, og tiltak for ikkje å hindre fri ferdsel i sona mellom sjøen og hytta.

Når det kjem til kommunen sine vurderingar om tiltaket har overvekt av fordelar vart det lagt vekt på trafikktryggleik, støy, topografi og terreng. Fylkesmannen legg vekt på at støy og trafikkfare ikkje bør løysast ved å bygge hytte heilt i sjøkanten, og krav om plassering av hytte nedom støyande vegar og til strandsona kan gi ein sær uheldig presedensverknad. Dei meiner vidare at topografi/terreng heller ikkje gir grunnlag for å sjå bort frå ålmenta sine interesser i strandsona.

Når det gjeld presedensverknad er dette eit moment det er viktig å ta på alvor. I denne saka er det derimot fleire moment og ikkje berre støy, som gjer at kommunen har kome fram til at ein kan gi dispensasjon frå plan og byggeforbod i strandsona. Eigedomen er sterkt råka av nærføring til E39 – Kvivsvegen, som deler eigedomen slik at bustadhuset nærast vert liggande isolert på motsett side av vegen enn resten av eigedomen. Den delen av eigedomen med bustadhuset er svært bratt, støyutsett og med lite brukbart uteareal. Det mest attraktive arealet på eigedomen ligg på motsett side av E39 ned mot sjøen. Terrenget ned mot sjøen er prega av ei flate med ein markant lausmassekant ned mot sjøen. Denne delen er også utsett for trafikkstøy. Nærast strandsona er det derimot ikkje støyutsett, men ei hytte her er sjølvsagt kontroversielt, då ein kjem svært nær sjøkanten. Forvaltningsutvalet har derfor sett krav om at hytta vert trekt vekk frå sjøkanten. Terrenget på staden gjer dette utfordrande, men ny situasjonsplan viser at ein med bakgrunn i krav til plassering får til ein avstand til kaikanten på 12 m. Sjølv om dette også er ein knapp avstand, vurderer kommunen det som akseptabelt ut frå ei samla vurdering der det er tatt utgangspunkt i strandsona sine kvalitetar, terreng, ålmenta sin bruk av området og tilhøva som etablering av E39 har påført eigedomen. Med omsyn til at det er fleire moment som gjer det vanskeleg å plassere hytta i større avstand frå sjøkanten og at det er eit samfunnsnyttig vegprosjekt som har gjort det lite attraktivt å opphalde seg/nytte eigedomen kan eg vanskeleg sjå at dette vil gi vesentleg presedens for handsaming av andre søknader om plassering av hytter såpass nært sjøkanten.

Det er ikkje kome fram nye moment i klagen frå Fylkesmannen som gir grunn til å ta klagen til følge. Utviklingssjefen rår derfor Forvaltningsutvalet til å halde fast på vedtaket i sak 63/18 den 11.09.2018 og saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vidare handsaming hos settefylkesmann.

Helse og miljøkonsekvensar:

Er vurdert tidlegare.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Er vurdert tidlegare i saka.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endelig vedtak:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (Oversendast Fylkesmannen med kopi av alle saksdokument for vidare handsaming av klage.)

Kopi til:

Ørsta Byggservice AS

Klageinstans:

Ikkje klagerett.



VOLDA KOMMUNE
Stormyra 2
6100 VOLDA

Klage på dispensasjonsvedtak

Volda kommune

Oppføring av hytte - gnr45 bnr1

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Fylkesmannen har mottatt melding om vedtak gjort av Volda kommune 11.09.2018, der Forvaltningsutvalet ga dispensasjon frå arealføremålet i kommunedelplan for kystsona og plan- og bygningslova § 1-8 for oppføring av fritidsbustad.

Meldinga vart mottatt hos fylkesmannen 13.09.2018.

Bakgrunn

Det er søkt om dispensasjon for oppføring av «anneks» 4 meter frå strandlinja innanfor LNF-område. Bygget vil vere på 45 m2 over 2 etasjar med soverom, stove/kjøkken og bad. Bygningen vil framstå som ein sjølvstendig fritidsbustad, men skal fungere som eit anneks til fritidsbustaden på motsett side av E39. Fylkesmannen rådde i sitt høyringssvar sterkt ifrå at det blei gitt dispensasjon så nær sjøen som omsøkt, og ba om å få vedtaket tilsendt.

Fylkesmannen si vurdering

Plan- og bygningslova § 1-8 seier at i 100-metersbeltet langs sjøen skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Tomta hytta er tenkt oppført på ligg svært nær sjøen, berre med 4 meters avstand. Dette betyr at hytta vil fullstendig privatisere området mellom sjøen og hytta og verke som eit hinder for fri ferdsel. Tiltaket er såleis ikkje i tråd med dei omsyna som pbl. § 1-8 skal ivareta. Vi er klar over at Geitvika ikkje er eit område med mykje folk og såleis stort press på strandsona, men vi kan likevel ikkje sjå at det er rett å tillate hyttebygging nærast heilt i sjøkanten. Strandsona her er prega av tidlegare tiltak, men dette kan heller ikkje forsvare ei vidare utvikling med oppføring av ei lita hytte.

Støy og trafikkfare gir utfordringar for eigarane av fritidseigedomen, men dette bør ikkje løysast ved å bygge hytte heilt i sjøkanten. Blir vedtaket ståande, kan det gi ein særstø uheldig presedensverknad. Mange vil kunne sette krav om å få flytte hytta nedom støyande vegar og til strandsona. Vi ser også at sjølv om topografien/terrengnet eventuelt kan tale for at hytta blir plassert der den er omsøkt, kan ein ikkje sjå bort frå omsynet til ålmenta sine interesser i strandsona.

Vi stiller også spørsmål ved opparbeidinga med ein grusa plass og mur som er gjort på staden. Slike tiltak er søknadspliktige, og vi ber kommunen følge opp saka dersom dette er eit ulovleg tiltak.

Fylkesmannen viser til plan- og bygningslova § 1-8, og kan ikkje sjå at å gi løyve til oppføring av hytte i strandsona på denne staden er i tråd med omsynet til friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser.

Konklusjon

Fylkesmannen i Møre og Romsdal klagar med dette på vedtak i Forvaltningsutvalet i Volda kommune av 11.09.18, der det vart gitt dispensasjon frå kommunedelplanen og pbl § 1-8 for oppføring av fritidsbustad.

Vidare saksgang

Dersom kommunen ikkje tar klaga til følge, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd, skal ein sende saka til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vidare klagebehandling hos settefylkesmann.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Ulf Lucasen
ass. miljøverndirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi

STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE

Hei Heidi

Takker for orientering.

Som eit argument i saken så har vi no økt avstanden til sjå frå 4 meter til 8,6 meter slik at dersom nokon skulle ha bruk for å gå langs strandlinja der så er det no god plass til det.

Med vennlig hilsen

Trond Bornstein

Fagleg leiar

Ørsta Byggservice AS

Garvargata 1, 6153 ØRSTA

M: 917 47 888

E-post: trond.bornstein@boligpartner.no

Vi er stolt forhandler av

boligpartner.no | [facebook](https://www.facebook.com/boligpartner.no) | [instagram](https://www.instagram.com/boligpartner.no)

Fra: Heidi Istad <heidi.istad@volda.kommune.no>

Sendt: 31. oktober 2018 13:19

Til: Trond Bornstein <Trond.Bornstein@boligpartner.no>

Kopi: Postmottak Volda <postmottak@volda.kommune.no>

Emne: Dispensasjon 45/1 Geitvika

Hei

Til orientering så har vi motteke klage på vedtaket om dispensasjon frå Fylkesmannen. Du finn klagen vedlagt.

Klagen vil bli handsama av kommunen i Forvaltningsutvalet 20.11.

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål.



Heidi Istad

planleggar

Utvikling

Direkte 70058707 Mobil 46915455




www.volda.kommune.no

TEGNFORKLARING

BEBYGGELSE OG ANLEGG

-  Terrasse
-  Takflate ny bebyggelse
-  Takflate eksisterende bebyggelse







SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

-  Veg
-  Parkering
-  Gangareal

GRØNNSTRUKTUR

-  Grønnstruktur
-  Uteoppholdsareal - UA

LINJESYMBOLER

-  Byggegrense
-  Målsetting 2.4
-  Eiendomsgrense
-  Bygning som forutsettes fjernet
-  Støttemur
-  Støyskjerm

REFERANSEPUNKTER BINDINGSVERK (EUREF 89)


AREALER:

BYA hytte = 44m²
BRA hytte = 45m²

DIGITALT KARTGRUNNLAG FRA INFOLAND.
Høyder ut fra kart. Alle høyder må kontrollinmåles før utsetting av bolig. Ekvidistanse 1 m.

MÅLSETTING FRA UTVENDIG KLEDNING.

Plassering er ikke sjekket mot matrikelbrev og det forutsettes ytterligere oppmålingsteknisk prosjektering før utsetting av bolig.



Denne tegning tilhører Bolig Partner AS og kan ikke benyttes uten skriftlig samtykke A Justert plassering, plan og høyde 24.10.2016

Situasjonsplan

Bolig Partner

Tiltakshaver :
Egil Rune Åmbakk

Byggeplass :
Gjeitvik, 6110 Austefjorden

Gnr: 2530046
Bnr: 1

MÅL 1 : 500(A3)

Dato 19.05.2017 Sign. mm

Pnr.:

Tegnings Nr.
— 910 A

Hei

Har laga eit skriv med mine kommentarar på vedtaket til Fylkesmannen. Håpar dette kan hjelpe i forhold til informasjon i høve sakshandsaminga til forvaltningsutvalet den 20.11.18.

Er betenkt på kva grunnlag vedtaket til Fylkesmannen blir tatt på. Ingen synfaring og utan hensyn til kommunens korreksjonar av dispensasjonssøknaden.

Mvh
Egil Åmbakk

Fra: Trond Bornstein [mailto:Trond.Bornstein@boligpartner.no]

Sendt: 31. oktober 2018 19:30

Til: Heidi Istad <heidi.istad@volda.kommune.no>

Kopi: Egil Åmbakk <Egil.Aambakk@Morenett.no>

Emne: SV: Dispensasjon 45/1 Geitvika

Hei Heidi

Takker for orientering.

Som eit argument i saken så har vi no økt avstanden til sjå frå 4 meter til 8,6 meter slik at dersom nokon skulle ha bruk for å gå langs strandlinja der så er det no god plass til det.

Med vennlig hilsen

Trond Bornstein

Fagleg leiar

Ørsta Byggservice AS

Garvargata 1, 6153 ØRSTA

M: 917 47 888

E-post: trond.bornstein@boligpartner.no



Vi er stolt forhandler av

boligpartner.no | [facebook](https://www.facebook.com/boligpartner.no) | [instagram](https://www.instagram.com/boligpartner.no)

Fra: Heidi Istad <heidi.istad@volda.kommune.no>

Sendt: 31. oktober 2018 13:19

Til: Trond Bornstein <Trond.Bornstein@boligpartner.no>

Kopi: Postmottak Volda <postmottak@volda.kommune.no>

Emne: Dispensasjon 45/1 Geitvika

Hei

Til orientering så har vi motteke klage på vedtaket om dispensasjon frå Fylkesmannen. Du finn klagen vedlagt.

Klagen vil bli handsama av kommunen i Forvaltningsutvalet 20.11.

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål.



Heidi Istad

planleggar

Utvikling

Direkte 70058707 Mobil 46915455

www.volda.kommune.no

Ørsta, 31.10.2018

Kommentarar til klage frå Fylkesmannen på dispensasjonsvedtak - Volda kommune- oppføring av hytte- på gnr.45 bnr.1

Har i dag vorte kjent med at Fylkesmannen har klaga på vedtaket om oppføring av annekset på Geitvikgarden i Austefjorden.

Bakgrunnen for vurderinga til Fylkesmannen er min søknad om plassering. Altså ca. 4 meter avstand i frå sjø. Volda kommune sette nokre krav til endringar for å akseptere dispensasjonssøknaden.

Annekset plasserast min. 3 meter over normalnull(NN2000)-

Tilsvarande skal annekset trekkes tilsvarande frå sjø.

Har fått korrigert min situasjonsplan etter desse punkta. Den syner ein plassering på nærmare 9 meter frå sjø. Dette medfører ein meir omfattande tomtutgraving men endringane er akseptable for meg som utbyggjar.

Eg synes det er svært uheldig av Fylkesmannen å ta ein vurdering/beslutning utan å ta hensyn til Volda kommune sine korreksjonar på dispensasjonssøknaden og utan ein synfaring på staden.

Sakshansamaren ved Fylkesmannen burde blitt gjort oppmerksom på at vurderinga har blitt teken på feil grunnlag.

Svar til spørsmål om opp grusa plass og murkant mot sjø.

Frå tidligare tider var det plassert ei sjøbod på staden som etter kvart vart brukt til material-lager for stolfabrikken som var på garden. Ved sjøboda og langs med var det tilordna/planert med storstein i tomta og mot sjø. Sjøboda vart reven og steinen ble etter kvart flytta/skua på sjø av isen som kjem på fjorden kvar vinter, etter mange år var meir eller mindre heile steinkanten reist på sjø, dette gjorde det vanskelig å komme ut med båt frå naustet ol. Tiltak for tilordning av steinkanten vart utført, grusen har blitt pålagt dei seinare åra.

Mvh

Egil Åmbakk – egil@morenett.no - 91302797



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Liv Bente Viddal

Arkivsak nr.: 2018/1745

Arkivkode: 7/4

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
82/18	Forvaltningsutvalet	20.11.2018

1519 GBR 7/4 - JORDLOVSHANDSAMING AV SØKNAD OM DELING AV AREAL FRÅ LANDBRUKSEIGEDOM, TROND EIKREM

Administrasjonen si tilråding:

Frådeling etter jordlova § 12, vedtak:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 31.08.2018, frå Trond Audun Eikrem, eigar av gnr 7 bnr 4. Det vert søkt om frådeling av tomt på 48 m² for garasje til eigedomen gnr 7 bnr 21.

Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningsutvalet løyve til frådeling av 48 m² slik det er søkt om. Grunngevinga er bratt tilkomst til bnr 21 og at det er eit mindre areal.

Vilkår: Ein set som vilkår at tomta vert trekt så langt mot som mogleg mot nordvest, for å behalde areal til utvikling ikring driftsbygninga.

Vedleggsliste:

1. Søknad om deling frå Trond Audun Eikrem vedlagt situasjonskart og brev, dagsett 31.08.2018
2. Oversendingsbrev frå Volda kommune, dagsett 09.10.2018

Samandrag av saka:

Trond Audun Eikrem søker om frådeling av garasjetomt på 48 m² frå landbrukseigedomen 7/4.

Saksopplysningar:

Søknaden gjeld frådeling av garasjetomt på 48 m² for eigedomen gnr 7 bnr 21. Søknaden er dagsett 31.08.2018, og Volda kommune oversendte saka for jordlovshandsaming 09.10.2018.

Eigar av gnr 7 bnr 21 er Eivind Rune Eikrem.


Søkjaren Trond Audun Eikrem er eigar av gnr 7 bnr 4 som ligg på Eikrem.

Landbrukseigedomen er totalt på 360 daa – fordelt på 17 teigar, og med desse markslaga:


Fulldyrka jord	Overflate - dyrka jord	Innmarks- beite	Skog særs høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	Uprod. skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Bebygd
21,0	0	6,9	0	90,2	75,2	0	126,2	0	16,2	23,8	0,3

Eigedomen har våningshus, driftsbygning, buder og naust. Søkjaren bur på frådelt tomt frå hovudbruket, 7/9.

7/21 vart delt frå hovudbruket 06.12.1996. Denne eigedomen er ikkje bebygd og inngår framleis som ein del av jordbruksarealet som hovudbruket driv.

<p>Føremålet med søknaden er å dele frå ei tomt til garasje for eigedomen 7/21.</p> <p>7/21 ligg slik til at det er bratt tilkomst. Ein ønskjer difor eiga tomt for garasje attmed gardsvegen til hovudbruket som 7/21 er utskild frå.</p>	 <p>gbr 7/21</p> <p>7/21</p> <p>Søkt areal</p> <p>omsøkt parsell</p>	<p>Utsnitt av kart i saka.</p> <p>7/21</p> <p>Søkt areal</p> <p>Nedst ser ein driftsbygninga med blå farge og våningshuset med gul farge. Gardsvegen går mellom dei. Berknesvegen ligg vest for bygningane.</p>
--	---	---

Søkjaren driv føretaket 985 071 322 Trond Audun Eikrem på 7/4. Føretaket driv med sau med om lag 50 v.f.sau. Dyra held til i driftsbygninga på garden, om lag 30 m frå omsøkt tomt.

<p>I kommuneplanen for Volda er området LNF-område som er opna for spredt bustadbygging</p>	 <p>Søkt areal</p>	<p>Søkt areal</p>
---	--	-------------------

Vurdering og konklusjon:

Ved handsaming etter jordlova § 9 (omdisponering) og §12 (deling) må ein syne til rundskriv: *M-1/2013 Omdisponering og deling*.

§12 Deling i jordlova lyder slik:

Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpakting, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige.

Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja. (etc.)

Det vert i tillegg synt til rundskriv M-1/2013 omdisponering og deling.

I denne saka må ein vurdere om det er forsvarleg å svekke bruket ved å dele frå dette arealet.

Jordlova har til føremål å leggje tilhøva til rette for at areal på landbrukseigedomar, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og for dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gjev ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på busetnad, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå behovet til framtidige generasjonar.

Driftsgrunnlaget i høve jordlova § 12 er eigedomens sine ressursar i form av areal og bygningar som blir nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbod mot deling i §12 skal hindre at eit bruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget.

Det er i dag drift på bruket, og driftsbygninga er i bruk til husdyrhald. Uavhengig av dette må ein vere budd på at dette er eit gardstun med næringsdrift og aktivitet som treng rom. Dersom det skulle verte behov eller aktuelt med fornying av driftsapparatet treng ein plass. Garasja kjem nært driftsbygninga. Det vil difor vere driftsmessig gunstig om ein kan auke avstanden mellom garasja og driftsbygninga. Tomta bør difor trekkjast mest mogleg nordvestover.

Denne vurderinga vert gjort då det skal leggjast vekt på om deling vil medføre drifts- og/eller miljømessige ulemper i høve landbruk. Delinga vil her redusere tunarealet og skape ei ny avgrensing, som kan vere til ulempe for drift av garden.

Ein konkluderer med at ein her kan tilrå deling ut frå at det gjeld eit lite areal, men driftsmessig rår ein til å flytte tomta lengre nordvestover. Ei flytting må vurderast også av andre interesser, t.d. vegmynde. For landbruksmynde er det avgjerande at delinga ikkje skaper ulempe for landbruksdrift i og ikring driftsbygningane.

Med helsing

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Børild Skåra
rådgjevar jordbruk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda kommune

Trond Audun Eikrem Sersjantvegen 1 6105 Volda



Landbrukskontoret i Ørsta/Volda

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/1745	13804/2018	7 /4	UTV/ TORGSTE	09.10.2018

GBR 7/4 DELING OG OPPMÅLINGSFORRETNING -JORDLOVSHANDSAMING

Vedlagt følger saksdokument knytt til søknad om deling av grunn på eigedomen gbr 7/4 på Eikrem i Volda kommune. Søknaden gjeld frådelling av garasjetomt på ca 50 m² som skal tilleggast nærliggande bustadeigedom gbr 7/21.

Garasjen vil ha tilkomst over hovudbruket og ha avkøyrse til privat veg.
Omsøkte parsell ligg som LNF-område med tillate spreidt busetnad.

I samband med delingssøknaden ber ein om at det vert gjennomført jordlovshandsaming for arealbruksendring frå LNF til bustadføremål.

Med helsing

Torgeir Stensø
sakshandsamar

Vedlegg:

- 1 Søknad om deling- og oppmålingsforretning - Gbr 7/4
- 2 Situasjonsplan gbr 7/4

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning


Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m og § 20-2, samt lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt.
Ved plassmangel, lag eige vedlegg

Søknaden sendast:

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Plass for kommunen sitt stempel

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 18/1745	Avd: UTV
Løpenr.	Sks: Torgate
14 SEPT 2018	
Arkivdel: Bygg	
Klassering P:	
Klassering S:	

Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom:

Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):

Gnr. Bnr. Fnr. Seksj.nr

7 4

Underskrift:

Søknaden/rekvisisjonen gjeld:

- Deling og oppmålingsforretning
- Oppretting av festetomt
- Oppretting av punkt feste
- Anna: (spesifiser) _____
- Dispensasjon (dispensasjonssøknad skal grunngjevast på eige ark)

Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr:	Areal (ca areal)	Formål	Sjølvstendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/brn.	
1	48 m ²	Garasje	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
2	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
3	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
4	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
5	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
6	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.

Arealdisponering

Kommunedelplan Reguleringsplan Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparsell


Avstandar

Går det høgspant kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: ... m

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand:.... m

Dersom ja, må ein legge ved ei nærare utgreiing/avklaring med ledningseigar om dette

Krav til byggegrunn (pbl § 28-1 og §§ TEK10 7-2 og 7-3)		
Er tiltaket plassert i flomutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, angi sikkerhetsklasse	<input type="checkbox"/> F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år	
	<input type="checkbox"/> F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år	
	<input type="checkbox"/> F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år	
Er tiltaket plassert i skredutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, angi sikkerhetsklasse	<input type="checkbox"/> F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år	
	<input type="checkbox"/> F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år	
	<input type="checkbox"/> F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år	
Andre natur- og miljøtilhøve? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, dersom ja, beskriv kompenserende tiltak i egne vedlegg		
Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43		
Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?		
<input type="checkbox"/> Riksveg <input type="checkbox"/> Fylkesveg <input type="checkbox"/> Kommunal veg <input checked="" type="checkbox"/> Privat veg		
Ny avkøyrsløse eller utvida bruk av eksisterande?		Dersom delinga betingar vegrett over privat grunn, må dokumentasjon vedrørende dette leggst ved.
<input type="checkbox"/> Ny avkøyrsløse frå offentlig veg (plan må vedleggast)		
<input type="checkbox"/> Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse		
Er løyve til avkøyrsløse gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
Vassforsyning og avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2		
Offentleg vassverk: <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	For tilknytning til privat felles vassverk og avløpsanlegg må løyve til å vere tilknytt og til å kunne gjere naudsynt vedlikehald på anlegget, vedleggast.	
Offentleg avløpsanlegg: <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei		
Privat vassverk: <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei		
Privat avløpsanlegg: <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei		
Dersom det ikkje er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggst ved denne søknaden.		
Vedlegg		
Vedl. nr.: Beskrivelse	Vedl. nr.: Beskrivelse	
<input checked="" type="checkbox"/> Kart/situasjonsplan		Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan belyse saka.
<input checked="" type="checkbox"/> Gjenpart av nabovarsel		
<input checked="" type="checkbox"/> Dispensasjonssøknad		
<input type="checkbox"/> Fråsegn, samtykkje, løyver		
<input type="checkbox"/> Andre vedlegg		
Underskrift av søkjar/revkirent		
Dato 31/8-18	Revkirenten sitt namn (med blokkbokstavar) TROND AUDUN EIKREM	Revkirenten si underskrift Trond A Eikrem
Adresse EIKREM HÅSKJOLD VGN 314		Postnr/stad 6105 VOLDA
E-postadresse		Telefon
Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av		
Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut korrekt, vil faktura verte sendt revkirent)		
Dato 10/9-2018	Betalaren sitt namn med blokkbokstavar EIVINDRUNE EIKREM	Betalaren si underskrift Eivind Rune Eikrem
Adresse HAMNEGATA 12		Postnr/stad 6100 VOLDA



gbr 7/21



omsøkt parsell

222

220

214

208

207

1730



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide

Arkivsak nr.: 2017/1543

Arkivkode: 19/35

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
83/18	Forvaltningsutvalet	20.11.2018

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLAN, GBR. 19/35. HANDSAMING ETTER HØYRING

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå plankravet i Kommunedelplan for Volda, for oppføring av einebustad og garasje på gnr. 19, bnr. 35.

Vedlegg:

1. Søknad om dispensasjon, datert 7.6.2018.
2. Opplysningar gitt i nabovarsel, datert 7.6.2018.
3. Situasjonsplan, datert 26.6.2017. Sist justert 8.5.18
4. Fasader, datert 21.2.2018. Sist justert 8.5.2018.
5. Støyberekning, datert 6.11.2018.
6. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 31.5.2018.
7. Uttale frå Statens vegvesen, datert 20.2.2018.
8. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 6.3.2018.
9. Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 12.3.2018.
10. Sjekkliste ROS, datert 21.3.2018.

Bakgrunn:

Norhus Ørsta (Tema Vest AS) har på vegne av Nina og Stein Holsvik søkt om dispensasjon frå kravet om utarbeiding av bebyggelsesplan i kommunedelplan for Volda sentrum, for oppføring av einebustad og garasje.

Det er også søkt om samanføyning/frådeling av gnr. 19, bnr. 26 og 35.


Saksopplysningar/fakta:

Lokalisering

Tomta (gnr. 19, bnr. 26 og 35) ligg i tilknytning til Seljebakken, ca. 400 m frå krysset mellom Sjøgata (E39) og Storgata i Volda sentrum.

Planstatus

Gnr. 19, bnr. 26 og 35 er ikkje regulert. Eigedommane ligg innanfor område utlagt til bustader (B) i kommunedelplan for Volda sentrum (plan ID 2007010), ikraftsett 18.6.2009. Det er krav om utarbeiding av bebyggelsesplan.



Utsnitt frå kommunedelplan for Volda sentrum

Sitat frå føresegnene til planen:

«I byggeområda merka med B på plankartet, kan arbeid og tiltak som er nemnde i PBL §§ 81, 86a, 86b og 93 (arbeid som krev byggeløyve, meldepliktige bygg og andre varige konstruksjonar og anlegg) og frådelling til slike føremål ikkje finne stad før områda inngår i godkjend bebyggelsesplan.»

Skildring av tiltaket

Holsvik ønskjer å føre opp einebustad med tilhøyrande garasje på gnr. 19, bnr. 35. Eigdommen er ei enkeltstående tomt i eit allereie utbygd område.


I søknad datert 4.10.2017, var det lagt ved teikningar av einebustad med flatt tak. Søknad med tilhøyrande vedlegg vart sendt på høyring 9.2.2018. I samband med høyringa kom kulturavdelinga med merknad (datert 6.3.2018). Kulturavdelinga gav klart uttrykk for at dei meiner eit eventuelt nybygg må tilpassast miljøet på Hauane på ein betre måte. Kulturavdelinga tilrådde m.a. at bygget blir utforma med mønetak. Fylkeskommunen informerte også om at tiltakshavar kan søke om tilskot til arkitektonisk tilpassing av bygg på inntil 5000,-. Kulturavdelinga varsla at dei vurderer å påklage eit eventuelt vedtak om dispensasjon. Det kom også inn merknader frå Statens vegvesen og Fylkesmannen.

Kommunen informerte NORHUS Ørsta AS og tiltakshavar om merknaden. Tiltakshavar utarbeidde nye teikningar, som vart sendt til kulturavdelinga for ny uttale. Kulturavdelinga kom med ny uttale til prosjektet i brev av 31.5.2018. NORHUS Ørsta AS leverte inn ny søknad om dispensasjon i byrjinga av juli (søknad datert 2.7.2018).

I søknaden frå juli 2018, er det lagt ved teikningar av einebustad med valmtak med takvinkel 18°. Gesims 5 m og mønehøgde 6,6 m.



Utsnitt frå situasjonsplan



Fasadar sør-vest og sør-aust

Søklar si grunngeving

Sitat frå søknaden:

«Eigedomen 19/35 er ei enkeltstående tomt i eit allereie utbygd område. Alle andre tomter i området er bebyggt. Utarbeiding av bebyggelsesplan for ei enkeltstående tomt er ein både tids- og kostnadskrevjande prosess. Spesielt med tanke på at tiltaket gjeld ein einbustad til ein privatperson.

Tiltaket skil seg ikkje frå bruken av dei andre eigedomane i området når det gjeld grad av utnytting samt gesims- og mønehøgde. Sidan førre nabovarslingsrunde er det gjort endringar på einbustaden for å tilpasse einbustaden til dei omkringliggjande bustadane. Desse endringane vart gjort utifrå tilbakemeldingar frå Fylket.

Utforming av einbustaden og plassering av denne er gjort med tanke på naboar, samt at tiltakshavar skal få ei god og teneleg utnytting av eigedomen. Einbustaden er plassert lavt i terrenget for å gi minst moglege utsiktstap for naboar. Slik vi ser det vil fordelane med å gi dispensasjon være større enn ulempene, og vi ber om at det vert gitt dispensasjon frå føresegnene til kommunedelplanen i denne saka.»

Dispensasjon frå plankravet

Etter plan- og bygningslova, § 19-1 krev dispensasjon grunngevingen søknad. Før vedtak vert fatta, skal naboar varslast. Regionale og statlege mynde skal få høve til å uttale seg før det vert gitt dispensasjonar frå planar og plankrav.

Etter plan- og bygningslova, § 19-2, kan det bli gitt dispensasjon dersom ikkje omsynet bak bestemmelsen det vert dispensert i frå vert vesentleg sett til side. Vidare er det eit vilkår at fordelane ved å gi dispensasjon skal vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen har ikkje høve til å gi dispensasjon dersom vilkåra ikkje er oppfylt.

Nabovarsel

Tiltakshavar har sendt ut nabovarsel. Det er ikkje registrert merknader.

Høyring

Søknad om dispensasjon har vore ute på høyring. Frist for å kome med uttale var sett til 12.mars 2018. Som nemnt innleiingsvis vart prosjektet endra som følgje av merknad frå kulturavdelinga. Saka vart sendt på avgrensa høyring til kulturavdelinga etter endring av prosjektet.

Innan fristen kom det inn følgjande merknader:

Statens vegvesen (SV), viser til at skilte fartsnivå på E39 er 50 km/t og årsdøgntrafikken er 9520 køyretøy. I Statens vegvesen sitt haldningskart for handsaming av arealsaker er E39 vurdert til *meget streng* behandling. SV stiller seg i utgangspunktet positiv til søknaden. SV grunngir uttalen med at det er stor høgdeskilnad og avstand mellom E39 og planlagt bustadhus, og at byggetomta ligg i område som er naturleg å fortette.

Støymålingar og eventuelle avbøtande tiltak må gi tilfredsstillande resultat med omsyn til trafikkstøy frå E39.

Kommentar:

Volda kommune har fleire gonger sett fram krav overfor NORHUS Ørsta om at det må leggjast fram støyfagleg vurdering med skildring av avbøtande tiltak, jf. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016).

Etter litt fram og tilbake, har tiltakshavar engasjert Multiconsult AS til å gjennomføre støyberekning for omsøkte tiltak.

Vurderinga konkluderer med at omsøkte bustad på gnr. 19, bnr. 35 ligg i kvit støysone på fasade og på uteplassar nær bustaden. Grenseverdi for uteopphaldsareal ($L_{den} \leq 55\text{dBA}$) og utanfor vindu til rom med støyfølsom bruk er tilfredsstillande.

Møre og Romsdal fylkeskommune (FK), har kome med uttale to gongar.

Mars 2018 (6.3.18)

FK rådde i uttalen i mars 2018 sterkt i frå godkjenning av nybygg med pulttak, ut frå omsyn til kulturminneverdiane og opplevinga av miljøet i området. FK gav uttrykk for at eit nybygg må tilpassast betre til miljøet rundt, og rådde til at bygget vert utforma med mønetak. FK viste til kommunen sitt arbeid med kulturminneplan, der ein har valt ut kva område som er av interesse når det gjeld kulturminne og karakteristiske trekk ved miljø.

Fylkeskommunen gav klart uttrykk for at dei vurderer å klage på eit eventuelt vedtak om dispensasjon.

Mai 2018 (31.5.2018)

Fylkeskommunen kjem i uttalen med innspel knytt til terrengtilpassing, form på huset, takform, fasader, situasjonsplan, garasje og innkøyrsløse m.m. Fylkeskommunen rår Volda kommune til å krevje ei anna løysing for garasje og innkøyrsløse. Vidare rår dei til at det vert rydda i sjølve bygningskroppen, slik at den vert enklare.

Kommentar:

Det er søkt om dispensasjon frå krav om utarbeiding av bebyggelsesplan. Detaljar knytt til takform, fasader, situasjonsplan m.m. vert å ta nærare stilling til i samband med handsaming av byggesaka, og vert såleis ikkje nærare omtala i denne saka.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM) minner om at det må gjennomførast ei generell risiko- og sårbarheitsvurdering før det eventuelt blir gitt dispensasjon. Fylkesmannen viser også til at store delar av gnr. 19, bnr. 26 og 35 ligg innanfor gul og raud støysone. Støytilhøva må avklarast gjennom ei støyfagleg vurdering.

Kommentar:

Holsvik har gjennomført ROS-vurdering, etter skjema utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Kommunen legg merke til at det under tema Miljø/Landbruk – er markert at området ikkje vil bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støy.

Kommunen stilte krav om at det må utarbeidast støyvurdering. Multiconsult AS har utarbeidd støyvurdering. Sjå kommentar til Statens vegvesen sin merknad ovanfor.

Vurdering:

Plantypen bebyggelsesplan gjekk ut i samband med ny plan- og bygningslov av 27. juni 2008. Lova frå 2008 gir i staden føresegner om detaljregulering for å følgje opp kommuneplanen sin arealdel.

Vesentleg sett til side

Omsynet bak føresegna sitt plankrav er:

- At ein skal sikre ei brei, heiltheitleg og grundig vurdering av arealbruken innanfor eit bestemt område, der offentlege mynde, grunneigarar og andre råka partar får høve til å kome med sine synspunkt i prosessen fram mot eit planvedtak. Det skal ikkje tillatast tiltak som kan vanskeleggjere ei framtidig regulering.
- At det er viktig å avklare overordna tilhøve som infrastruktur (veg, vatn og avløp), støy, friområde med meir, før utbygging vert tillate.

Tomta er i gjeldande kommunedelplan lagt ut til bustadføremål. Omsøkte tiltak er såleis ikkje i strid med sjølvarealformålet i planen. Søknad om dispensasjon har vore ute på høyring, og naboar er varsla. Det er lagt fram støyfagleg vurdering, som konkluderer med at planlagde bustad på gnr. 19, bnr. 35 ligg i kvit støysone på fasade og på uteplassar nær bustaden. Grenseverdi for uteopphaldsareal og utanfor vindu til rom med støyfølsom bruk er tilfredsstillande. Fylkeskommunen si kulturavdeling har kome med synspunkt på detaljar som høyrer heime i byggesaka.

Det er lagt fram dokumentasjon på at gnr. 19, bnr. 35 har vegrett over gnr. 19, bnr. 2. Volda kommune har godkjent søknad om tilkopling til det kommunale vass- og avløpsanlegget.

I denne saka er den aktuelle eigedommen den siste tomte i området som er ubebygd. Tiltaket vert vurdert til å ikkje vere i strid med omsyna bak bestemmelsen.

Overvekt av fordelar

Dei fordelane som oppstår som følgje av tiltaket er i hovudsak knytt til private interesser.

Tiltaket vil føre til auka trafikk på tilkomstvegen frå Seljebakken. Vegen er stadvis noko smal og ligg tett inntil eksisterande bustader. Samstundes meiner kommunen det vil vere positivt med ei fortetting i ein så sentral del av Volda sentrum.

Konklusjon:

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at omsynet bak bestemmelsane det vert dispensert frå ikkje vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gi dispensasjon er større enn ulempene.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Nina og Stein Holsvik, Seljebakken 7 E, 6102 VOLDA

Norhus Ørsta AS, Indrehovdevegen 64, 6160 HOVDEBYGDA
Statens vegvesen, Region midt, Postboks 2525, 6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2500, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2500, 6404 MOLDE

**Volda Kommune
Avd. for byggesak
Stormyra 2
6100 VOLDA**

Hovdebygda, 07.06.2018.

Søknad om Dispensasjon. **Gnr 19 Bnr 35 i Volda Kommune.**

I samband med ny søknad om rammeløyve for oppføring av einebustad på gbr 19/35 i Volda kommune søker vi med dette om dispensasjon frå kapittel 10 pkt. 1.1. i Kommunedelplan for Volda Sentrum.

For området gjeld kommunedelplan for Volda sentrum. Gbr. 19/35 ligg innanfor det området i planen som er regulert til bustader (B).

Kapittel 10 pkt . 1.1 Felles føresegner og retningslinjer

«I byggeområder merka med B på plankartet, kan arbeid og tiltak som nemnde i PBL §§81, 86a, 86b og 93 (arbeid som krev byggeløyve, meldepliktige bygg og andre varige konstruksjonar og anlegg) og frådeling til slike føremål ikkje finne stad før områda inngår i godkjend bebyggelsesplan »

Eigedomen 19/35 er ei enkeltstående tomt i eit allereie utbygd område. Alle andre tomter i området er bebygd.

Utarbeiding av bebyggelsesplan for ei enkeltstående tomt er ein både tids- og kostnadskrevjande prosess. Spesielt med tanke på at tiltaket gjeld ein einebustad til ein privatperson.

Tiltaket skil seg ikkje frå bruken av dei andre eigedomane i området når det gjeld grad av utnytting samt gesims- og mønehøgde.


Sidan førre nabovarslingsrunde er det gjort endringar på einebustaden for å tilpasse einebustaden til dei omkringliggjande bustadane. Desse endringane vart gjort utifrå tilbakemeldingar frå Fylket.

Utforming av einebustaden og plassering av denne er gjort med tanke på naboar, samt at tiltakshavar skal få ei god og teneleg utnytting av eigedomen. Einebustaden er plassert lavt i terrenget for å gi minst mogeleg utsiktstap for naboar.

Slik vi ser det vil fordelane med å gi dispensasjon være større enn ulempene, og vi ber om at det vert gitt dispensasjon frå føresegnene til kommunedelplanen i denne saka.

Med vennleg helsing

Tema Vest AS



Ivar Humberset

Prosjektleder

Opplysninger gitt i nabovarsel

Sendes kommunen sammen med søknaden (Gjenpart av nabovarsel)



Ved riving skal kreditorer med pengeheftelser i eiendommen varsles, plan- og bygningsloven § 21-3

Tiltak på eiendommen

Kommune	Gnr.	Bnr.	Adresse	Eier/fester
Volda	19	35	Seljebakken / Ørstavegen 16, 6102 VOLDA	Nina og Stein Holsvik

Det varsles herved om

Søknadstype	Tiltakstype	Næringsgruppekode	Bygningstypekode	Formål
